

Sluttvurdering i matematikk etter 10. trinn

Sluttvurderinga skal ta utgangspunkt i læreplanen etter LK20. Grunnlaget for sluttvurdering er kompetansemåla i læreplanen. Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen. Her klargjer vi kva kompetansemål som ligg til grunn både når det gjeld standpunkt og eksamen.

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 27.11.2024

Sluttvurderinga skal gi uttrykk for kompetansen til elevane ved avslutninga av opplæringa i fag. Vurderinga skal gjerast ut frå kompetansemåla i læreplanen i kvart fag. Sluttvurderingar i grunnskolen er standpunkt karakterar og eksamens karakterar.

Relevante ressursar

[Læreplan i matematikk 1.–10. trinn](#)

[Kjenneteikn på måloppnåing](#)

[Meir om standpunkt vurdering](#)

[Muntlig-praktisk: ny eksamensform for 10. trinn](#)

[Muntlig-praktisk eksamen i matematikk](#)

[Endringar i eksamen](#)

Regelverk

Det er kompetansemåla etter 10. trinn som skal utgjere hovudgrunnlaget for sluttvurderinga i matematikk fordi det er disse kompetansemåla eleven har jobba med fram mot sluttvurderinga. Fordi kompetansemåla etter 10. trinn bygger på kompetansemåla etter 8. og 9. trinn, er det kompetansemåla etter 10. trinn som skildrar det forventa nivået ved avslutninga av opplæringa.

Enkelte kunnskapsområde i matematikk (sjå kjerneelementet «matematiske kunnskapsområde») er ikkje omtala eksplisitt i kompetansemåla etter 10. trinn. Alle kunnskapsområda i matematikk, også dei som ligg på 8. og 9. trinn, er viktige for å utvikle kompetanse i faget. Læreplanen er laga slik at kompetansemåla etter 10. trinn må sjåast i lys av heilskapen i læreplanen. I ein vurdering av samla kompetanse i matematikk etter 10. trinn, betyr det å forstå kompetansemåla i lys av teksten om faget, men òg i lys av kva kompetanse eleven skal ha tileigna seg frå tidlegare trinn.

Grunnlaget for standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere eit uttrykk for den samla kompetansen eleven har i faget ved avslutninga av opplæringa. Det er kompetansemåla etter 10. trinn som skal utgjere hovudgrunnlaget for standpunktvurderinga i matematikk. For å nå kompetansemåla etter 10. trinn, bygger elevane vidare på kompetanse dei har tileigna seg på tidlegare trinn. Kompetanse eleven har vist i den tida dei har fått opplæring, skal berre takast med i vurderinga når dette gir relevant informasjon om den samla kompetansen når standpunkt karakteren skal fastsettast. Det er derfor rom for å trekke inn kompetanse eleven viser knytt til enkelte kompetansemål frå tidlegare trinn, dersom lærarane vurderer det som relevant for å få eit meir heilskapleg bilde av eleven si samla kompetanse i faget ved avslutninga av opplæringa etter 10. trinn. Standpunkt karakteren skal ikkje vere eit karaktergjennomsnitt basert på vurderingar gitt gjennom opplæringa.

Kompetansemåla skal forståast i lys av teksten om faget i læreplanen. Det betyr at teksten om faget, inkludert kjerneelementa, gir ei inramming for å tolke kompetansemåla. Alle kompetansemåla spring ut av kjerneelementa, og kjerneelementa er med på å gjere det tydeleg kva som utgjer den samla kompetansen i matematikk.

Grunnlaget for eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen og lokalt gitt munnleg-praktisk eksamen skal gi eleven moglegheit til å vise sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg ut frå eksamensforma. Eksamens karakteren skal vere

eit uttrykk for den kompetansen eleven har vist på eksamen.

Til sentralt gitt skriftleg eksamen vil oppgåvene i hovudsak vere utvikla med utgangspunkt i kompetansemåla etter 10. trinn. Enkelte oppgåver vil likevel vere utvikla med utgangspunkt i kompetansemål etter 9. trinn for at eleven skal få vist kompetansen sin i så stor del av faget som mogleg.

Til lokalt gitt munnleg-praktisk eksamen skal oppgåvene i hovudsak utviklast med utgangspunkt i kompetansemåla etter 10. trinn. Lærarane har rom til å trekke inn kompetanse eleven viser knytt til enkelte kompetansemål frå tidlegare trinn dersom dei vurderer det som relevant for at eleven skal få vist sin kompetanse i så stor del av faget som mogleg gitt eksamensforma. Det skal leggjast til grunn ei brei forståing av omgrepet praktisk. Praktisk kan til dømes omfatte anvendingar av matematikk. Eit døme på slike anvendingar og praktisk oppgåveløysing i matematikkfaget kan vere å lage matematiske modellar knytt til reelle datasett (som befolkningstala på jorda) og vurdere gyldigheita til desse modellane.